



# INVITASJON

til deg som føresett til elev på 8. trinn

## Foreldretreff om foreldrerolla og rusførebygging

Du har no fått ein tenåring i huset, og det melder seg nye og spanande utfordringar i forhold til foreldrerolla. I alderen 13–17 år kjem dei fleste ungdommar til å møte på rusmidlar og utvikle haldningar til bruken av dei. Korleis kan du som forelder bidra til at denne perioden blir så trygg som mogleg?



Målet med dette foredraget er at du skal få:

- Kjenne til kva Ungdataundersøkinga fortel oss om rusmiddelbruk blant ungdom på ungdomskulen
- Kjenne til faktorar som påverkar rusmiddelbruk
- Reflektere over foreldras rolle i rusførebygging
- Konkrete råd og tips til korleis foreldre kan snakke med ungdomen sin om rusmiddel

Like viktig som innhaldet i føredraget denne kvelden, er det at vi legg til rette for at foreldregruppa får tid til å prate saman. I løpet av kvelden skal dei bli samde om førebyggande tiltak dei vil ha fokus på dei tre neste åra. Det har ein god førebyggande effekt at foreldre set grensar i fellesskap og samtidig er gode rollemodellar saman.

Roy Henning Aanestad er ein dyktig formidlar, som engasjerer publikum med sine erfaringar og sin humor. Han har god kjennskap til førebyggande arbeid etter mange år som politibetjent, og har mange gode råd til foreldre.

**VARDHEIA UNGDOMSSKULE, TYSDAG 18. MARS KL. 18.00-19.30**

**TREFFET BLIR ARRANGERT AV SKULEN OG FAU I SAMARBEID MED STERK&KLAR**

Meld deg på treffet her: [Foreldretreff Varheia ungdomsskule 8. trinn - Sterk & Klar - IOGT](#)  
Velkommen!